



DOVRE KOMMUNE

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2022/748-8

Saksbehandlar: Arne Furumo

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2025/26	10.03.2025	Kommunestyret

Forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2036

Vedlegg

- 1 Kommuneplanens samfunnsdel 2025 - 2036

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Rullering av kommuneplanens samfunnsdel er forankra i den kommunale planstrategien frå 2021.

Plan- og bygningsloven seier at alle kommunar må ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Samfunnsdelen skal vise dei lange linene og sette mål og retning for ønska samfunnsutvikling.

Kommunelova set krav til at føringane i samfunnsdelen skal følgast opp gjennom økonomiplanen og anna planlegging i kommunen. Økonomiplanen kan inngå i eller utgjere kommuneplanens handlingsdel.

For å gjera kommuneplanens samfunnsdel meir forståeleg, kallar vi den for samfunnsplanen.

Kommuneplangrunnlag for valperioden

Dovre kommunestyre vedtok i sak 2022/748-2 «Kommuneplanens samfunnsdel - kommuneplangrunnlag for å styrke samfunnsdelen som verktøy for lokalpolitisk styring» eit kommuneplanprogram for valperioden. Kommuneplanprogrammet erstattar communal planstrategi og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.

I kommunestyrevetaket står det at økonomiplanen og handlingsdelen til samfunnsplanen blir slått saman til ein handlings- og økonomiplan med utgangspunkt i satsingsområde i samfunnsplanen. Endringa trer i kraft fom. Økonomiplanprosessen for 2026.

Kommuneplangrunnlaget gir ei detaljert beskriving av prosessen fram mot endeleg vedtak av ny samfunnsplan. Kommunestyret oppretta ein tverrpolitisk redaksjonskomité for å jobbe med samfunnsplanen.

Vurdering:

Politiske arbeidsverkstader som grunnlag for samfunnsplanen

Kunnskapsgrunnlaget til samfunnsdelen blei utarbeidd med involvering frå leiarar og andre ressurspersonar i administrasjonen. Det noko forenkla kunnskapsgrunnlaget blei saman med dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging, lagt til grunn for to arbeidsverkstader i kommunestyret.

I den første arbeidsverkstaden blei kommunestyrerrepresentantane m.a. utfordra på korleis dei ønskte at Dovre-samfunnet skulle sjå ut i 2050, noko som var meint å lausrive dei frå daglegdagse og notidige problemstillingar. Vidare blei politikare bedt om å seie kva som var deira viktigaste saker og kva som gjorde at dei ville engasjere seg i lokalpolitikken. I den andre arbeidsverkstaden skulle politikarane prioritere og gruppere sakene i nokre få hovedtema. Desse hovedtemaene blei etter kvart til fem satsingsområde for den nye samfunnsplanen.

Rådmannen vurderer det slik at dei politiske arbeidsverkstadene danna eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med samfunnsplanen, i tråd med ambisjonen i kommuneplangrunnlaget om gode tverrpolitiske diskusjonar om satsingsområde i samfunnsplanen.

Arbeidet med den nye samfunnsplanen: ein samskapande prosess

Det blei oppretta ein politisk redaksjonskomité for kommuneplanarbeidet, med ordføraren som leiar og med eitt medlem frå dei andre partia i kommunestyret.

Komiteen har hatt ei rekke møter der politikarane har arbeidd seg fram til det vedlagde forslaget til samfunnsplan med satsingsområde, mål, strategiar og ein arealstrategi. Medlemmane i komiteen har vært ansvarlege for prosessar med å involvere eigne partigruppe.

Administrasjonen har stilt med prosessleiar og sekretær for arbeidet, og i løpet av prosessen har komiteen invitert inn administrative ressursar som oppvekstsjefen, helse- og omsorgssjefen og leiaren for landbrukskontoret til diskusjonar om satsingar på dei ulike fagfelta.

Prosessleiaren har orientert om kommuneplanprosessen i kommunestyret, PNU-utvalet, Ungdomsrådet og FER Han har òg hatt orienterings- og innspelsmøte med store delar av kommuneorganisasjonen.

Vi har vore opptekne av at medverking frå innbyggjarane skulle skje til rett tid, altså etter at kommunestyret hadde gitt retning til samfunnsplanen. I det representative demokratiet er kommunevalet ein tidleg og viktig medverkingsarena for medverking til samfunnsplanen.

Vi har gjennomført fire folkemøte om den nye samfunnsplanen, eitt i kvar av grendene i kommunen. Ordføraren og resten av redaksjonskomiteen var sentrale i møta, og prosessleiaren for samfunnsplanen leia gruppearbeidet og var ordstyrar. I desse møta fekk vi mange gode innspel frå folk på Dovreskogen, Dovre, Hjerkinn og Dombås. Møta blei organisert som planverkstader med moglegheit for reell påverking, der folk fekk ta opp dei sakene dei er mest optatt av med både politikarar og tilsette i kommuneadministrasjonen.

Leiar og nestleiar i redaksjonskomiteen møtte òg elevrådet ved Dovre ungdomsskule for å diskutere den nye samfunnsplanen. Der fekk dei høyre kva ungdomane ynskjer seg for at det skal bli enda betre å vekse opp i bygda vår.

I kommuneplangrunnlaget vedtok kommunestyret at det skulle gjennomførast eit innspelsmøtet med Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet tidleg i kommuneplanprosessen. Dette innspillsmøtet, som no er sett til 26. mars, blir i staden eit møte som del av den lovpålagde høyringsprosessen.

Til tross for at innspelsmøtet med Innlandet fylkeskommune og Statsforvaltaren i Innlandet ikkje er gjennomført ennå, vurderer Rådmannen det slik at det arbeidet som har vært gjort i redaksjonskomiteen og dei gjennomførte medverkingstiltaka, er i tråd med det vedtekne kommuneplangrunnlaget.

Ei aktiv høyring der vi gjer det lett å komme med innspel

Når forslaget til ny samfunnsdel blir lagt ut på høyring, skal administrasjonen legge til rette for at det er lett å komme med innspel.

Administrasjonen skal òg gjennomføre ei innbyggarundersøking som vil kunne gje nyttige innspel til den nye samfunnsplanen.

Vegen vidare fram mot endeleg vedteken samfunnsplan

Etter høyringa skal den politiske redaksjonskomiteen møtast for å diskutere innspela som har kome inn og innarbeide desse før samfunnsplanen går til kommunestyret for sluttbehandling.

Den vedtekne samfunnsplanen skal publiserast i ein lettlese, digital versjon. Det blir sett av ressursar til å betre det visuelle uttrykket, m.a. med meir bruk av bilde og enkel grafikk. Det skal òg vera mogleg å lese samfunnsplanen som eit samla dokument i ein versjon som kan skrivast ut, for dei som ynskjer det.

Rådmannens innstilling:

Kommunestyret vedtar:

- 1) Forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2025 – 2036 blir send på 6 vekers høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, i tråd med i plan- og bygningslovens § 11 -14.

Kommunestyrets behandling av sak 26/2025 i møte den 10.03.2025:

Behandling

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt. (16)

Vedtak

1. Forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2025 – 2036 blir send på 6 vekers høyring og lagt ut til offentleg ettersyn, i tråd med i plan- og bygningslovens § 11 -14.

